



Norsk studentorganisasjon

Holbergs gate 1 / 0166

Oslo

T: 22 04 49 70

E: [nso@student.no](mailto:nso@student.no)

W: [www.student.no](http://www.student.no)

## Høringsuttalelse

### Høringsssvar forskrift om språklova

*Dato: 30.10.2022*

# Høyrings svar forslag til forskrift om språklova

Norsk studentorganisasjon (NSO) representerer 260.000 studentar, og vi takkar for moglegheita til å svare på høyring om forskrift til språklova.

I høyringsbrevet refererast det til UH-lova § 1-7 om rett til å velje språkform på eksamen, og at Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) og Kunnskapsdepartementet (KD) saman skal finne ut korleis dei enklast mogleg skal forskriftsfestes lik regulering av statlege og private institusjonar. Dette støttar vi.

Vidare støttar vi ein vidareføring av §3-5 knyta til språk i eksamensoppgåver og unnatak frå krava. Det er viktig for institusjonane at de har moglegheiter til å tilpasse seg etter studentanes behov og ynskjer.

Norske utdanningsinstitusjonar har, ifølgje universitets- og høgskolelova, ansvar for å vedlikehalde og utvikle norsk fagspråk på alle områder. Språket utviklar seg når det brukas, derfor er det viktig at også studentane får møte og bruke norsk fagspråk gjennom heile utdanningsløpet. Vi stillar oss derfor positive til at det generelt blir færre unnatak i forskrift, etter at den nye heilskaplege språklova blei innført.

Til resten av forslagene har vi ingen kommentarar. Utover dette høyringsinnspelet ynskjer NSO å trekkje frem våre prioriteringar for eit rikt norsk fagspråk.

## **NSO meiner at:**

- Alle statlege utdanningsinstitusjonar må sende rapport om målbruk til Språkrådet innan fristen, og ha konkrete tiltak for å oppfylle krava i mållova.
- Statsråden må sende tydelege signal til institusjonane om at dei må følgje alle lovar og reglar som gjeld for dei.
- Det må vere nok søkbare midlar til faggrupper som vil bidra med materiale til Språkrådets termwiki - særleg på nye område, både på bokmål og nynorsk.
- Leiarar ved institusjonane må oppmode dei vitskapleg tilsette til å vedlikehalde og utvikle norsk fagspråk.
- Det bør opprettast eit nasjonalt senter for norsk som språk og fagspråk.